

Studzhoffuit - Stuksrud (gnr. 135)

Studzhoffuit: Namn som kjem av ein naturformasjon.

I 1578 finn ein elles namnet skrive Studtzo. Det er trulig skrive etter uttalen i den tid.

Skrivemåten har ellers vore svært ustø.

Det er i Stiftsboka av 1578 ein finn namnet skrive Studtzo, og garden var da krongods av skyld 1 hud. I manntalet over bygningsskatten 1594 er Studzhoffuid ført i gruppa for "Hallfue gaarde" og betalde da den utlikna ekstraskatten med 1 ort som u.d. Diiserud, Hoffland og Grønneliid. Ti år seinare er brukaren på garden kalla Jørgen Studhoffuid, og han er da ført i gruppa for Ødegaardmend, som John Hoffuordslid og Oluff Kasterud. Etter atter 10 år går det tydeleg fram at Jørgen Studzhoffuit var leiglending eller bygselsbonde og at landskylda av garden var endret til 9 skinn 18 merker fisk, så ein kan og ut frå at Stuksrud alt i den tid hadde sitt årvisst fiske av stor og god fisk.-. Frå 1667 har ein den særspålitelege historiske kjelda mantalet for Kvegskatten 1667. Der er det fortalt at brukaren da heitte Madz Studzhoffuid, og at buskapen på garden hand var 1 hest, 8 naut, 5 sauer og 2 geiter. Om denne brukaren veit vi elles at han med farsnamn heitte Mads Torgeirsson og da var 48 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Studtz Hoffuidt" fortalt at brukaren ganske riktig hette Madtz, og at landskylda av garden framleis var 9 skinn 18 merker fisk, men den kunne og svarast med 1 ½ pund 4 merker snør. Madtz var brukar, men eigaren av garden i den tid var captein Reichwein, som i den tid åtte fleire gardar i Fåberg. Om garden og gardsbruket er det vidare i matrikkelen av 1668 oppgitt at enga, innmarka, var "schreen och Kand ej vidare forbedris, ligger til fieldtz". Men det var skog til brennved og seter og sommarbeite til krøtera på "Støelen Setter". Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 6 naut, og korntianda vart utreidd med 1 tønne, som alltid svara til årsavlinga på 10 tønner. Fem år seinere er det i 1698 nemnt på eitt anna mannfolk på garden: Det vart da delt 26 nye børser til landvernsoldatane i Fåberg, og Torstein Bendtsen Studzhofet tok i mot den eine børsa. Same Torstein Bendtsen er og nemnt i 1598, Han hadde da lånt 80 rd. av Amund Onsum. Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Studshoved" fortalt at garden ligg i "Baglien" og at den da var tungbrukt. Men jordarten var god "dog noget tørlent Det er vidare opplyst at setra hadde god hamn, og at det var skattar til 2 lass høy Høyavlinga utgjorde i det heile kring 20 lass, og buskapen hadde auka til 2 hestar, 14 naut, 10 sauar og 4 geiter. Vidare går det fram at Stuksrud alt da hadde 1 husmannsplass med brukande jord. Men den store og sikkert mest merkbare endringa i 1722 var likevel at brukaren, Bent Tostensen, var vorte odelseigande bonde på garden sin. Bent Tosteinsen var elles alt da enkemann. Han hadde vore gift med Kjersti Olufsdtr.. men ho var død alt i 1718, og det var skifte på "Stutshoved i Faaberg". Det er da opplyst at garden var odelsgods av skyld 1 hus og 2 skinn, og at arvebuet utgjorde brutto 134 rd, og netto 111 rd. Arvingane ved skiftet var, foruten enkemannen Bent Torstensen, dei 3 borna i ekteskapet: 1. Tosten 7 år, 2. Oluf 5 år, 3, Christen ½ år, Femten år seinare gav i 1735 brørne Ole (Oluf) og Christen Bentsønner søskenskjøte til bror sin Tosten Bentsen, på ættegarden for 170 rd. Den nye eigaren og brukaren av gården, Tosten Bentsen gifta seg i 1735 med Lisbet Engebretsdtr., og dei fekk 2 born. Men i 1741 var den unge husfrua alt død, og det var da atter skifte på "Stutshoved i Faaberg." Ved dette skifte vart jordgodset i dødsbuet Stutshoved, da av skyld 1 hud og 3 skinn, taksert for 250 rd.og arvebuet utgjorde brutto 332 rd, og netto 43 rd. Arvingene ved skiftet var foruten enkemannen Tosten Bentsen det 2 borna i ekteskapet: 1. Bent 5 ½ år, 2. Kirsti ½ år.

Enkemannen, husbonden Tosten Bentsen, gifta seg 1745 oppatt men Guri Arnesdr. Lekshus, og dei fekk i sitt ekteskap og 2 born, Dei var : 1. Arne f. 1746, død i 1759, 2. Ole f. 1752, g. m Dordi Kristofersdr. Opjordet i 1788.

Sonen Bernt Torstensen , som hadde odelsretten til Stuksrud gifta seg i 1769 med Beret Pedersdr. f. 1738, og dei fekk 4 born. Dei var a. Ole f. 1774, b. Tosten f. 1778, c. Gunhild f. 1780, d. Marte f.1786.

Husbonden Tostein Bentsen brukte ættegarden til i 1770. Da skjøta han den over d. 18.juni s.å. ”gaarden Stuvshoved i Faaberg prestegjeld til eldste søn Bent Tostensen på hans eiende gaard Stuvshoved med underliggende Støelens engeland skylder 15 skind for sum 400 rd.” Så å seia samtidig lånte så kjøparen mot panteobl. 249 rd. av Peder Thorsen Houm og 249 rd. av Ole T. Blegen.

Bent Tostensen f. 1735 brukte ættegaarden Studshoved til i 1794. Da skjøta han garden til Christen Madsen Rønning for kjøpesum 398 rd. I samband med denne handelen er og ei sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Studshoved i Faaberg;
16.februar 1795.

I anledning av rettskammerets cirkulære av 26. mars svarte lagrettet og almuen til fogdens spørsmål, at det ikke var tilkommet flere opsiddere i Faaberg i 1774 som var pliktige at svare veimestertold, end nr. 53, Studshoved, Christen Madsen, som altså er ny opsidder..

Same året, altså i 1795, gav elles Bent Tostetensen også skjøte til sonen Ole Bentsen f 1774 på halvparten av garden Studshoves av skyld 7 ½ skinn for kjøpesum 250 rd., pluss føderåd til foreldra.

Etter det var det altså berre den eine halvparten av grd. Studshoved sersjant Christen Madsen hadde kjøpt i 1794.

Dette går og tydelig fram da Christen Rønning i 1796 lånte 350 rd. av Harkild Gaustum mot pant i ” ½ garden Studshoved ” av skyld 7 ½ skinn.

Ole Bentsen, som i 1795 tok over som brukar på det eine Studshoved av skyld 7 ½ skinn, gifta seg med Sønnøv Eriksdr, s. Toft i 1796 , og dei fekk 6 born. Dei var: 1. Torsten f. 1796, 2. Kjersti f. 1798, 3. Helene f. 1804, 4. Ole f. 1809, 5. Kristence f. 1812, 6. Anna f. 1817, g. m. Arne Olsen Flygstad.

År 1801 kom påboet om folketelling, og det budde da 3 familiar på og/eller ved ”Studshoved”. Dei var:

1.familie: 1. Ole Bentsen, husbonden, 27 år, 2. Sønnøv Eriksdr. kona hans, 27 år.3. Tosten , son deres, 4 år 4. Kjersti, dotter deres, 1 år, 5. Ole Pedersen, tenestkar, 22 år.6. Marta Bentsdr. tenestekvinne, 15 år.

2. familie: 1, Bent Tostensen, far til husbonden, føderådsmann, 66 år. 2. Berit Pedersdr. kona hans, 63 år.

3. familie:1. Ole Jensen, soldat, husmann med jord, 42 år, 2. Gunhild Olsdr. kona hans, 44 år. 3. Ole Olsen, son deres, 10 år. 4. Maren Jonsdr., søster til mannen, hushjelp, 36 år.

Tre år seinare gav i 1804 husbonden Ole Bentsen skjøte til Jens Olsen Studshoved på halvdelen av garden.Skjøte som gir fleire opplysningar har elles etter utskrift denne ordlyden:

”Stutshoved:

Skjøte datert og tinglest 1804 febr. 15. fra Ole Bentsen Stutshoved på halvdelen i Studshoved av skyld 4 ½ skind 9 nrk. fisk for 550 rd.

Hvis nogen odelspretendent skulle ville indløse denne halve gaard, skal den eller de først tilbagebetale kjøpesummen og dessuten erstatte det på denne halve gård heftende føderåd, til likemed alle anvendte forbedringer. -Det påligger kjøperen å svare den halve del av føderådet (som hefter på denne halve gård) til Bent Torstensen og hustru iflg. kontrakt av 8. oktober 1795.”

Men to år etter selde, i 1806 Jens Olsen (Flugstad) sin part av grd. Studshoved til Lars Andersen Kanten for kjøpesum 699 rd, Eit anna skjøte er av 1807. Ole Bentsen og Lars Andersen gav de isaman skjøte til Ole Jonsen på plassen Gulliksveen under Stutshoved, av skyld i skinn, for 399 rd. Så å seia samtidig lånte så kjøparen 390 rd. av Lars Kitlien og Peder Kogslien mot pant i pl. Gulliksveen. Etter atter to år skjøte i 1809 Lars Andersen Kanten sin part av Studshoved av skyld 4 skinn 9 merker fisk, for sum 499 rd. til Ole Bentsen. Samtidig lånte kjøparen Ole Bentsen den sum av 499 rd. av Ole Olsen nedre Flugstad mot pant i 4 skinn 9 mrk, fisk i Studshoved, matr, nr, 53, samt halvparten av 1 års avling. Året etter selde Ole Bentsen grd. Studshoved av skyld 11 skinn til Ole Ottersen Toft for kjøpesum 1500 rd. – Litt meir om storleiken på gardene i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det såleis fortalt at Studshoved da var vorte delt i fleire bruk, og at på Studshoved søre var husdyrhaldet 2 hestar og 10 storfe og den årlege kornavlinga kring 36 tønner. På Stutshoved Nordre var dei tilsvarande tal: 1 ½ hest (i sambruk med Guliksveen), 3 storfe og 5 tn. korn, og i Gulliksveen: ½ hest (i sambruk med Studshoved Nordre), 4 storfe og 4 tønner korn.

Ved matrikuleringa i 1838 var Studshoved så oppdelt at det da var 9 løpenummer under det gamle matrikkelnr. 53 Størst av dei 9 bruk var da løpenr. 85 a Studshoved søndre av ny skyld: 1, skylddalar 1 skilling, som Ole Jacobsen var eigar eller brukar av, løpnr. 85b Studshoved søndre også av ny skyld: 1 skylddalar 1 skilling, som Anders Simensen hadde, og løpenr. 86 Studshoved nordre av ny skyld: 4 ort 7 skilling, som Arne Olsen var eigar eller brukar av og løpenr. 87 Gulliksveen av ny skyld også 4 ort 7 skilling, som Ole Olsen var eigar eller brukar av.

I tidsrommet 1838-1865 var det så ei heil mengd av handlar med parsellar av garden Studshoved, handlar som det her ikkje er plass til å koma noko nærar inn på. - I samband med folk og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Studshoved oppgitt at det da var 4 bruksnummer under løpenr. 85 Studshoved. Det var : a. Studshoved hos Iver, der det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid utgjorde 99 mål, og av dette var 12-13 mål jord av 1. klasse.b: På Studshoved hos Arne var dei tilsvarande areal: 122 mål og 20 mål, c. På Studshoved hos Ole Eriksen var tala: 65 mål og 18 mål, d. dessuten var i Guliksveen dei tilsvarande areal: 84 mål og 17 mål. Vidare går det fram at Peder Toft hadde eit lite skogstykke under Studshoved.

År 1886 kom den lenge førebudde norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Der er skrivemåten av namnet endra til Stutshoved, og Stutshoved fekk da som sitt nye gardsnummeer, nr. 135, og det var da 7 bruksnr. under gardsnr. 135 Studshoved. Dei 7 bruksnr. var a. grn.135, grn. 1. Studshoved søndre av skyld 1, 68 mark, som Oluf Iversen var eigar ell. brukar av b.brn. 2 Studshoved søndre med Støla sæter, skyld 2, 13 mark, der Ole Eriksen var oppsittar, c, brn Midt-Ødegården m/Skaalen, skyld 0.39 mark, som Johan Olsen Veiverud var eigar ell. brukar av, d. brn. 4 Sønste-Ødegaarden, skyld 0,22 mark, som Ole Simensen Tollersrud var eigar ell.brukar av. e. brn. 5 Hagen av skyld 0.18 mark som tilhørde Peder Toft, f. brn. 6 Studshoved nordre, skyld, 1.92 mark, der Johan Olsen var oppsittar, g. brn. 7 Gulliksveen av skyld 1,64 mark, som Ole Torgersens enke var eigar ell. brukar av. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd desse skifte: a. Ole Iversen hadde tilhandla seg brn 3 Midt Ødegaarden m/Skaalen, b. John Johnsen Grønlishaugen hadde kjøpt

brn. 4. Sønste- Ødegaarden. c. Even Toft hadde overtatt brn. 5 Hagen d. og Ole Iversen var blitt eigar ell. brukar av brn. 6 Studshoved Nordre.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det 7 personar med røysterett på og/eller ved Studshoved. Det var : 1.gardbr. Edvard O Studshoved, 33 år, 2 husmor Syverine Timanandsdr. kona hans, 30 år. 3. gardbr. Oluf Iversen, 58 år, 4. husmor Karen Eriksdr., kona hans 59 år, 5. Erik Hansen, inderst. 83 år, 6. Johan Olsen pensjonist 78 år. 7. Anna Johansdr. 41 år. - Ein merkar seg at dette i den tid da røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar i seinare tid med Stuksrud, som gardane nå ofte blir kalla, tek vi elles med at i 1935 skjøta så Oluf Iversen på midtre Stuksrud garden over til sonen Even Stuksrud.

Likeså overtok på Stuksrud nordre sonen Ivar Stuksrud i 1937 garden etter mor si Anne f. Studshoved, Stuksrud.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 fire bruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei var :a. Grn. 135, brn. 1, Studshoved med eit jordbruksareal på ca. 20 mål, som Even Stuksrud var eigar og brukar av, b. 2 Stuksrud, jordbruksareal ca. 30 mål, som Edvart Stuksrud var eigar og brukar av, c. brn. 3, 6 Stuksrud, jordbruksareal ca 40 mål med Ivar Stuksrud som eigar og brukar, d. brn. 7 - Gulliksveen, jordbr. areal ca. 25 mål, og med Olaus Aanerud som eigar og brukar.